



Eskil Moen fekk tredje plassen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eskil Moen (23) frå Ljosnes i Uskedalen er ført opp som nummer 3 på Kvinnherad Framstegspartis kandidatliste ved valet i haust.

I føremiddag føreligg nominasjonskomiteens forslag og det har som venta Ole Torbjørn Holmedal frå Utåker på topp og som ordførarkandidat og Elisabeth Eide Tharaldsen frå Valen som nummer 2.

Desse tre er gjeve røystetillegg og er dermed truleg sikra plass i kommunestyret.



Listetopp er Ole Torbjørn Holmedal

Lista inneheld også to andre frå Uskedalen - Trond Nedrevaag som nummer 8 og Jan Morten Snilstvedt som nummer 14.

Ein som har store interesser i Uskedalen er også å finna i listeforslaget. Det er Geir Rusten, som bur på Sandvoll.

Eskil Moen er nestleiar i kommunepartiet og leiar av partiet sin ungdomsorganisasjon i Hordaland..

I eit intervju med uskedalen.no i fjor sa han at dei viktigaste sakene blir å bli kvitt eigedomsskatten og byggje opp ein effektiv kommune der vi får meir att for pengane.

Moen har vore ansatt i Scat Harding sidan han var 19 år gamal. Den siste perioden har Framstegspartiet hatt 5 i kommunestyret, men leiinga har no ambisjonar om ein auke til 8-10. Dei tar då utgangspunkt i dagens situasjon på meiningsmålingane.

Partiet held nominasjonsmøtet sitt i Husneshallen 14. februar.

Av Ola Matti Mathisen